



Innkalling  
av  
Kommunestyret

**Møtedato:** 14.02.2019

**Møtestad:** Konferanserommet

**Møtetid:** 09:00 - 15:00

I møtet vert det orientert om:

- Kystsogevekene v/Kjell Magnus Økland
- Presentasjon av mogleg løysing for oppgradering brannstasjon
- Status vertskommuneavtale NAV
- Informasjon frå møte med Norsk Vindenergi

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

**Sakliste**

Saknr	Tittel
004/2019	Godkjenning av innkalling og saksliste
005/2019	Godkjenning av møtebok
006/2019	Referatsaker
007/2019	Orienteringssaker
008/2019	Randkommunesamarbeid - oppgåvefellesskap rekneskap og løn

7. februar 2019

Tom Kristian Thorsen  
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		19/40

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2019	Kommunestyret	PS	14.02.2019

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		19/40

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2019	Kommunestyret	PS	14.02.2019

### Godkjenning av møtebok

#### Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 31.01.2019

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		19/40

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/2019	Kommunestyret	PS	14.02.2019

### Referatsaker

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
006/2019.1	Standard på fylkesveg 345 og 569 i Modalen kommune
006/2019.2	Svar til ordførar i Modalen - status fylkesvegar i Modalen

#### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Standard på fylkesveg 345 og 569 i Modalen kommune

Svar til ordførar i Modalen – status fylkesvegar i Modalen.pdf

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		19/40

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2019	Kommunestyret	PS	14.02.2019

## Orienteringssaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
007/2019.1	Næringsfondet - rapport løyvingar 2017.

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

### Vedlegg:

Næringsfondet - rapport løyvingar 2017

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE - 026	18/151

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2019	Kommunestyret	PS	14.02.2019

## Randkommunesamarbeid - oppgåvefellesskap rekneskap og løn

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune vert på noverande tidspunkt ikkje med i kommunalt oppgåvefellesskap innafor områda rekneskap og løn. Kommunen vil vurdere om det vil vere tenleg å inngå samarbeid på desse områda ved eit seinare høve.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I juni 2018 handsama kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal (Randkommunane) ei felles generell sak om samarbeid om tenester. Kommunestyra var positive til at ein skulle gå vidare å sjå på konkrete tenestesamarbeid/oppgåvefellesskap.

Det er no utarbeida ein forprosjekt rapport som har sett på eit mogeleg oppgåvefellesskap for rekneskap og lønsfunksjon.

Konklusjonen i rapporten er at eit slikt oppgåvefellesskap kan realiserast sjølv om dei tilsette ikkje endrar fysisk arbeidsstad. Styringsgruppa (rådmenn i randkommunane) var også samde om at eit slikt oppgåvefellesskap kan realiserast og at måla om eit meir robust og sterkare fagleg teneste kan realiserast.

Styringsgruppa var samde om at kvar einskild kommune innan 08.03.19 måtte ta stilling til om dei ville vere med i vidare arbeid for å realisere eit felles oppgåvefellesskap for rekneskap og løn. Dei kommunane som seier Ja vil omgåande starte arbeidet med organisering og utarbeide samarbeidsavtale som kan vedtakast av kommunestyra innan juni 2019.

#### Føresetnadar for eit kommunalt oppgåvefellesskap

Styringsgruppa og den felles saka til kommunestyra i juni 2018 hadde lagt nokon felles føringar for kva som ligg til grunn for eit oppgåvefellesskap og dei viktigaste var:

- Ikkje flytting av arbeidsplassar – geografisk
- Felles leiing
- Kvaliteten på tenestene må oppretthaldast og på sikt bli betre

- Tenestene må standardiserast – avgjerder, arbeidsprosessar, avtalar, normer reglar osb. (full harmonisering)
- Digitalisering – alt må digitaliserast (kan ikkje ha papirløysingar når ein skal kunne jobbe uavhengig av fysisk plassering)
- Dei teknologiske løysingane som gir betre kvalitet og lågare kostnadar skal nyttast ut (digitalisering)

### **Forprosjektet – kartlegging, konklusjonar og tilråding**

Faktadelen i rapporten gir grunnlag for følgjande konklusjon:

- Kommunane nyttar for ein stor del dei same verktøya og tidlegare arbeid gjer at kontoplanar osb er delvis harmonisert. Det gir eit godt grunnlag for å gå vidare med å få til eit oppgåvefellesskap.
- Dei kommunane som har kome lengst og har den beste kvaliteten må legge føringar for kva løysingar som vert valt.

Arbeidsgruppa si tilråding:

- Det vert tilrådd at rekneskap og løn blir ein del av eit kommunalt oppgåvefellesskap med eige rettssubjekt.
- Økonomisjef og økonomistyringsfunksjonen vert det tilrådd at ligg igjen i kvar kommune då dette er funksjonar som jobbar opp mot politisk nivå og rådmann i kvar kommune og som jobbar tett med einingane i økonomistyringa av kvar kommunen.

### **Styringsgruppa si handsaming av forprosjekt rapporten**

Styringsgruppa handsama forprosjekt rapporten endeleg i møte 14.01.19 – sak 03/18. Styringsgruppa var samde i konklusjonane i rapporten med unntak av at oppgåvefellesskapet skulle vere eit eige rettssubjekt. Arbeidsgruppa meinte det var best fagleg dersom oppgåvefellesskapet vart eit eige rettssubjekt, men det var ikkje eit «krav».

Styringsgruppa gjorde følgjande vedtak:

*«Styringsgruppa var samde om at eit slikt oppgåvefellesskap for rekneskap og løn kan realiserast og vere rasjonelt både fagleg og ressursmessig innafor dei rammene som er lagt for eit slikt prosjekt. Økonomisjef og økonomistyringsfunksjonen vert igjen i kvar kommune. Oppgåvefellesskap for rekneskap og løn:*

- *Vert eit kommunalt oppgåvefellesskap - § 19 selskap (ny kommunelov)*
- *Oppgåvefellesskapet vert ikkje eit eige rettssubjekt*
- *Dei tilsette endrar ikkje tilsetjingsforholdet*
- *Dei tilsette endrar ikkje fysisk arbeidsstad*
- *Det vert ein fagleg leiar i oppgåvefellesskapet*
- *Det vil bli utarbeida styringsmodell, leveranseavtalar og kostnadsfordelingsmodell.*
- *Vert ført eit eige rekneskap (prosjekt/avdeling) for oppgåvefellesskapet i kontorkommune*
- *Fordelinga av kostnadane må gjenspegle kva ein tek ut av tenester. Tenestene skal leverast til sjølvkost.*
- *Rutinane og oppgåveløysinga må harmoniserast. Dei mest optimale og framtidsretta løysingane skal nyttast og alt må digitaliserast.*
- *Den einskilde kommune kan velje om ein vil vere med på løn og eller rekneskap.*

Kommunane skal innan 08.03.2019 ha gjort eit val om dei ønskjer å delta i vidare utgreiing av eit slikt oppgåvefellesskap med sikte på å få utarbeida ein samarbeidsavtale som vert vedteke av

kommunestyra innan sommaren 2019. Oppgåvefellesskapet kan då vere fullt operativt frå 01.01.2020.

### **Saksgang vidare**

Styringsgruppa er samde om at eit slikt oppgåvefellesskap for rekneskap og løn kan realiserast. Kvar ein skild kommune må ta ei avgjerd innan 08.03.19 om dei vil vere med vidare med sikte på å få vedteke ein samarbeidsavtale for eit kommunalt oppgåvefellesskap for rekneskap og løn innan juni 2019. Premissane for oppgåvefellesskapet er utarbeida i forprosjektrapporten og i styringsgruppa sitt vedtak i sak 03/19.

### **Vurdering**

Felles IKT gir kommunane ein felles plattform til å samarbeide på mange tenesteområde. Innafor rekneskap/økonomisystem har det tidlegare vore jobba med standardisering. Det arbeidet gir eit godt grunnlag for å vurdere eit samarbeid innafor rekneskap/økonomi/løn. Det at kommunane kjenner kvarandre godt og har felles IKT system gjer at dei har eit godt utgangspunkt for å få til konkret samarbeid som kan bidra til eit større fagmiljø og mindre sårbarhet i tenestene.

Det er ikkje forventa at samarbeidet i første omgang skal gi dei store innsparingane, men det er større fagmiljø, kvalitet og mindre sårbarhet som er dei største gevinstane. Økonomisk sett er det sannsynleg at kostnaden for Modalen kommune vil auke noko dersom ein vert med i oppgåvefellesskapet, i alle fall i ein startfase. Dette fordi det må tilførast ressursar til faglege leiarar som skal koordinere arbeidet og samkjøre prosessane på vegne av kommunane.

Administrasjonen har hatt ein grundig intern gjennomgang av forprosjekt rapporten saman med økonomisjef og leiar før løn, der ein har drøfta konsekvensar for Modalen ved å gå inn i eit slikt oppgåvefellesskap.

I rapporten kjem det fram at kommunane for ein stor del nyttar dei same verktøya og tidlegare samarbeid gjer at kontoplanar, arbeidsprosessar og rutiner er delvis harmonisert. Dei kommunane som har kome lengst og har den beste kvaliteten må legge føringar for kva løysingar som vert valt i samarbeidet, og alt må digitaliserast. Det er då slik at det vil vere eit ganske omfattande arbeid som må gjerast hjå oss og dei andre kommunane før alt er likt og standarisert. Dei kommunane som vel å gå inn i eit samarbeid må prioritere arbeidet slik at det vert gjennomført innan dei tidsrammene som vert lagt, og det må leggast inn ressursar til gjennomføring. Det må ikkje undervurderast at utvikling av eit oppgåvefellesskap vil krevje mykje ekstra tid frå dei tilsette i kommunen som i dag har ansvaret for desse oppgåvene, og som og har ansvar for andre oppgåver og tenester som ikkje inngår i samarbeidet. Det må difor ikkje settast i gong meir enn det som kan handterast, og tilbakemeldinga frå våre tilsette er at det vil vere for tidkrevjande å gjere dette på noverande tidspunkt. Kommunen har i 2017 og 2018 vore gjennom eit særs omfattande og krevjande arbeid med overgang til ny versjon av Visma innafor HRM, løn, økonomi og rekneskap, og eit nytt stort arbeid med samordning på dette feltet har vi ikkje nok personalressursar til å gjennomføre.

Når det gjeld styringsutfordringa knytt til ulike former for interkommunale samarbeid, har denne vore problematisert i mange rapportar og analysar dei siste ti åra. Eit oppgåvefellesskap innanfor eit så omfattande og krevjande område som løn, økonomi og rekneskap vil krevje god styring når det gjeld fordeling og samkjøring av alle arbeidsoppgåvene som skal utførast for felleskapet. Det føreset at det vert tydeleg avklart korleis koordinatoren for tenestefellesskapet kan disponere dei som skal jobbe i dette fellesskapet. Dette kan vere krevjande å få til når dei tilsette ikkje har same tilsetjingsforhold og ei felles leiing.

I Modalen kan dette bli ekstra utfordrande, då våre tilsette har ein stor del av stillinga si knytt til oppgåver som vil ligge utafor oppgåvefellesskapet og fleksibiliteten blir mindre. Dette i motsetning til fleire av dei andre kommunane, der dei tilsette har fulle stillingar innafor løn/økonomi/rekneskap.

### **Konklusjon**

Ein viktig føresetnad for oppstart av randkommunesamarbeidet, og utredning av moglege samarbeidsområde, var at ikkje alle kommunane treng å vere med på alt. Det kan vere ein fordel i ein oppstartsfasa at det ikkje er for mange som deltek, så kan heller fleire kople seg på når samarbeidet er etablert. Sjølv om ikkje alle kommunane deltek i alt av samarbeid, vil det vere ein stor fordel at samarbeida er kjent for dei andre kommunane og at ein kan kople seg på samarbeidet når det måtte vere tenleg.

Rådmannen si vurdering er at det er gode argument både for og mot å gå inn i eit oppgåvefellesskap på rekneskap og løn. Det har difor vore viktig å legge stor vekt på dei faglege innspela frå våre eigne tilsette på fagområda, som konkluderer med at dette vil vere for tid- og arbeidskrevjande å gå i gang med no. Rådmannen tilrår difor at Modalen kommune ikkje vert med i kommunalt oppgåvefellesskap innafor rekneskap og løn med dei andre randkommunane på noverande tidspunkt.

### **Vedlegg:**

Rapport rekneskap og løn - forprosjekt